



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 75

(2005–2006)

Om lov om endringer i jordlova mv.

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet av 12. mai 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag av kva forslaga går ut på

Forslaget til lovendringar må sjåast i samanheng med eit ønske om forenkling og opprydding i gjeldande regelverk.

Derfor foreslår Landbruks- og matdepartementet å

- endre jordlova § 6 slik at ordninga med friviljuge statlege kjøp fell bort, jf punkt 3.1,
- oppheve heimelen i jordlova § 13 til å oreigne tilleggsjord, jf punkt 3.2,
- oppheve heimelen i jordlova § 8 femte ledd til å oreigne vanhevida jord, jf punkt 3.3,
- oppheve heimelen i jordlova § 14 til å oreigne husmanns-, bygsel- eller leilendingsbruk. Departementet foreslår ei overgangsordning på fem år rekna frå tida då resten av lovforslaget blir sett i kraft, jf punkt 3.4,
- oppheve § 15 i jordlova om vilkår i oreigningsaker, jf punkt 3.6,
- oppheve heimelen i jordlova § 16 til å avløyse bruksrettar mv., jf punkt 3.5,
- oppheve § 17 i jordlova om skjønn og takstar etter kap. VI, jf punkt 3.6,
- gjere ei endring i odelslova § 16 fjerde ledd utan at meininga er å rokke ved den odelsrettslege statusen til jord som blir lagt til eit bruk som tilleggsjord, jf punkt 3.7,
- gjere redaksjonelle endringar i odelslova § 31 for å tilpasse reglane til den nye situasjonen. Det blir ikkje gjort framlegg om å endre det reelle innhaldet i føresegna nå, jf punkt 3.8,

- endre jordlova § 18 for bl.a. å synleggjere kva for reaksjonar forvaltinga har høve til å nytte overfor tilskotsmottakarar som bryt tilskotsregelverket, jf punkt 3.9,
- oppheve seks lover som ikkje lenger er aktuelle på grunn av samfunnsutviklinga, eller fordi dei har mista sin reelle funksjon av andre årsaker, jf punkt 3.10.

I punkt 2 gjer ein greie for arbeidet med lovforslaget, i punkt 3 er hovudpunkta i proposisjonen omtala og i punkt 4 er overgangsreglane omtala. I punkt 5 er dei administrative og økonomiske konsekvensane omtala og i punkt 6 finst særmerknader.

2 Arbeidet med lovforslaget

Landbruks- og matdepartementet sendte 29. juni 2005 ut eit høyringsnotat med forslag om å oppheve delingsforbodet i jordlova, avvikle ordninga med friviljug statleg kjøp for å sikre tilleggsjord og oppheve heimlane til å oreigne i jordlova (tilleggsjord, vanhevida jord og husmannsplassar). Departementet foreslo også å oppheve heimelen til å avløyse bruksrettar.

Departementet foreslo samtidig at dei reaksjonane forvaltinga kan ta i bruk overfor tilskotsmottakar burde gå fram av jordlova § 18, og at seks uaktuelle lover skulle opphevast.

Høyringsfristen for forslaga gjekk ut 1. november 2005. Forslaga blei sendt til følgjande høyringsinstansar:

Departementa
 Fylkeskommunane
 Fylkeslandbruksstyra
 Fylkesmennene
 Jordskifteoverrettane
 Kommunane
 Den norske advokatforening
 Direktoratet for naturforvaltning
 Friluftsrådenes landsforbund
 Hoff Norske Potetindustrier
 Innovasjon Norge
 Nord-Trøndelagsforskning
 Norges Bondelag
 Norges skogeierforbund
 Norges eiendomsmeglerforbund
 Norges Naturvernforbund
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norske Reindriftsamers Landsforbund
 Norsk forening for landbruksrett
 Norsk institutt for landbruksøkonomisk
 forskning
 Norsk Landbrukssamvirke
 NORSKOG
 Norsk Pelsdyrslag
 Norsk senter for bygdeforskning
 Næringslivets hovedorganisasjon
 Næringsmiddelbedriftenes landsforening
 Kjøttindustriens Fellesforening
 Kommunenes Sentralforbund
 Reindriftsforvaltningen
 Riksantikvaren
 Statens kartverk
 Statens landbruksforvaltning
 Telemarksforskning Bø
 Toll- og avgiftsdirektoratet
 Universitetet for miljø- og biovitenskap

Det kom inn 204 uttaler. Hovudtyngda av innspel kom frå kommunane.

Dei aller fleste innspela gjaldt forslaget om å oppheve det generelle forbodet mot deling. I alt har 185 høyringsinstansar gitt kommentarar til dette forslaget. Hovudintrykket er at få støttar forslaget. 143 kommunar har uttala seg, og av dei rår 126 frå oppheving av det generelle forbodet mot deling. 17 fylkeslandbruksstyre og 8 fylkesmenn går i mot forslaget. Dei 16 organisasjonane som har kome med innspel er delt i synet på spørsmålet.

Dei som tilrår, legg mellom anna vekt på behovet for auka fleksibilitet og ønsket om å sikre større utbod av tomter i distrikta. Dei som rår frå meiner at forslaget vil få uheldige konsekvensar for jordvernet, og at det vil vere uheldig å leggje

til rette for at utmarksressursane kan bli frådelt og ikkje utgjere ein del av driftsgrunnlaget på eigedomen. Dei meiner vidare at praksis ved søknad om dispensasjon frå delingsforbodet allereie i dag sikrar dei samfunnsinteresser som skal takast vare på. Departementet er klar over at Næringskomiteen i Stortinget har til behandling eit forslag om å endre delingsføresegna, jf Dok. nr. 8:27 (2005-2006). Med det resultatet forslaget har fått i høyringa, ser ein ikkje grunn til å drøfte forslaget eller høyringsinstansane sine merknader nærare.

Når det gjeld dei andre forslaga, er høyringsinnspela kommentert der dei høyrer heime under punkt 3.

Landbruks- og matdepartementet vil satse på ei utvikling i landbruket der det blir lagt til rette for utnytting av garden sine samla ressursar. Forslaget om å fjerne delingsforbodet kan føre til at viktige ressursar blir frådelt, og at moglegheita for ny næringsutvikling på garden blir redusert. Dette vil vere uheldig for utviklinga av det einkilde bruk. Departementet meiner vidare, som mange av høyringsinstansane, at forslaget kan få uheldige følgjer for jordvernet. Dagens praksis sikrar dei samfunnsinteresser som bør ivareta-kast. Departementet vil derfor ikkje fremje forslaget om å oppheve delingsforbodet. Departementet vil heller ikkje foreslå andre endringar i delingsføresegna.

Dei andre forslaga gjer ein framlegg om å følge opp.

I høyringsnotatet blei det ikkje fremja forslag om endring av odelslova §§ 16 og 31. Som ei følge av forslaget om å oppheve nokre av verkemidla i jordlova, foreslår departementet likevel endringar i desse føresegnene. Endring er nødvendig fordi det i føresegnene i odelslova er synt til føresegner i jordlova som departementet foreslår oppheva. Det gjeld odelslova §§ 16 fjerde ledd og 31.

3 Hovudpunkt i lovforslaget

3.1 Friviljuge statlege kjøp – jordlova § 6

3.1.1 Gjeldande rett og saksomfang

Landbruksmyndigheitene sine arbeidsoppgåver har heilt sidan jordlova av 1928 blei vedtatt og fram til i dag vore knytt til eit krav om planmessig arbeid for å nå formålet med jordlova. På vegne av staten skal Fylkesmannen, fylkeslandbruksstyret og kommunen etter gjeldande lov § 6 mellom anna hjelpe til med å få rimelege salstilbod på ei-

gedom, hjelpe til med å få i stand kjøp og utarbeide planar for korleis jorda skal nyttast.

Friviljuge statlege kjøp tar sikte på bruksrasjonalisering. Myndighetene har til dømes tatt initiativ ovanfor ein eigar med sikte på å få han til å selje tilleggsareal friviljug anten med staten som mellommann, eller direkte til den som skal overta jorda.

Der staten er mellommann, er det fylkeslandbruksstyret som fattar vedtak om kjøp. Det er såleis staten ved fylkeslandbruksstyret som står som kjøpar. Eigedom staten har kjøpt, blir selt vidare til interesserte jordsøklarar. Myndighet til å avgjere kven som skal ha eigedomen, har sidan 1984 lege til kommunen.

Eigedom staten har tatt over, skal fordelast og nyttast slik at formålet med konsesjonslova blir tilgodesett best mogleg. Vidare må formålet med jordlova trekkast inn i vurderinga. Eigedom kan fordelast til ein eller fleire interessantar, men formålet må vere å bruke arealet som tilleggsjord.

Prisen jordsøklarane skal betale skal stå i høve til prisen staten har betalt for eigedomen, og den blir fastsett med omsyn til verdsettingsprinsippa i gjeldande prisrundskriv.

Jordfondet blei opphavleg oppretta ved vedtak i Stortinget 21. november 1955 med formål å finansiere statlege kjøp og oreigning etter jordlova og kostnader ved at staten tok over slik eigedom. Det som har blitt belasta Jordfondet er vederlaget og eventuelle andre utgifter knytt til kjøpet, som til dømes eigaren sine utgifter til advokat og skjønn. Jordsøkjaren måtte dekke desse utgiftene når eigedomen blei overdratt til han. Midlane har såleis blitt ført attende til fondet. 12. desember 2002 blei det bestemt at fondet, i tillegg til å finansiere kjøp etter jordlova, og skulle brukast i samband med vern av skog.

Stortinget har seinare samtykka i at Jordfondet blir avvikla, og at dei midlane som er igjen i fondet blir brukt til skogvern, jf Innst. S. nr. 240 (2004-2005). I samband med handsaminga av innstillinga blei det lagt til grunn at Jordfondet i stor grad hadde utspilt si rolle etter at forkjøpsretten blei oppheva, og at det ikkje lenger var nødvendig eller naturleg at staten skulle ha ei rolle i samband med å kjøpe og formidle eigedomar til rasjonaliseringsformål.

Pr. 31.12.2005 var det 122 eigedomar på Jordfondet som førebels ikkje er selt vidare. Rapportert verde på eigedomane var 27 792 595 kroner. Dette er eigedomar som i si tid anten blei kjøpt i medhald av jordlova § 6, forkjøp etter konsesjonslova eller oreigna i medhald av jordlova § 13. Talet

på eigedomar varierar frå fylke til fylke. Flest hadde Hedmark med 38 eigedomar og Nordland med 32.

Tal innhenta frå Statens landbruksforvaltning viser at staten i perioden frå og med 2002 til og med 2005 til saman kjøpte 33 eigedomar i medhald av jordlova § 6. For desse eigedomane betalte staten 24 995 047 kroner. Tala viser ein klår nedgang i aktiviteten. I 2002 kjøpte staten 15 eigedomar, i 2003 13 eigedomar, i 2004 tre eigedomar, medan det i 2005 blei kjøpt to eigedomar. Til saman besto eigedomane av 1 904 dekar fulldyrka jord, 319 dekar overflatedyrka jord og 21 470 dekar produktiv skog. Av dette blei 889 dekar fulldyrka jord kjøpt i 2002, medan tala for åra 2003, 2004 og 2005 i same følgd er 771, 126 og 118 dekar. Når det gjeld den produktive skogen, blei 14 248 dekar kjøpt i 2003, medan tala for dei andre åra i perioden har legi mellom 3 309 dekar og 1 447 dekar.

Tal innhenta frå Statens landbruksforvaltning viser at kjøpa er ulikt fordelt når det gjeld fylka. Størst aktivitet har det vore i Hedmark. I Hedmark kjøpte dei i perioden 2002-2005 15 eigedomar. Av det kjøpte arealet var 944 dekar fulldyrka jord, 90 dekar overflatedyrka jord og 14 010 dekar produktiv skog. For desse eigedomane betalte staten 13 082 000 kroner. I 10 av fylka blei det i perioden ikkje kjøpt eigedomar i det heile tatt. Desse fylka er Oslo, Akershus, Oppland, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Nord-Trøndelag og Troms.

3.1.2 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Departementet sendte på høyring forslag om å endre jordlova § 6 slik at ordninga med friviljuge statlege kjøp fell bort. Føresegna skulle elles gjelde som før. 69 høyringsinstansar har uttalt seg til forslaget. Av desse sluttar 58 seg til forslaget. Høyringsinstansane har i liten grad gitt grunnar for tilrådingane sine. 11 høyringsinstansar rår frå oppheving.

Tynset kommune og Alvdal kommune er to av dei 11 høyringsinstansane som går i mot forslaget om å oppheve ordninga med statlege kjøp til rasjonaliseringsformål. Dei grunngjev det med at «ordningen bidrar til gode helhetsløsningar ved rasjonalisering av landbrukseiendommer, og at ordningen representerer et godt tilbud til eiere som ønsker å selge landbrukseiendom.»

Elles viser dei som rår frå oppheving av ordninga til at dette ikkje vil vere i tråd med dei politiske signala som blei gitt ved opphevinga av for-

kjøpsretten. Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane uttaler til dømes at:

«Då forkjøpsretten vart oppheva (01.01.2001) lydde det frå departementet ei oppmoding om å satse meir på frivillig statleg kjøp. Ein ønskte då at det offentlege framleis skulle kunne påverke strukturutviklinga ved hjelp av juridiske verkemiddel. Så langt vi kan sjå er ikkje struktur målsetjingane endra siden den gong, men no finn ein det ikkje lenger nødvendig eller naturleg med eit slikt aktivt engasjement frå staten si side. Skal ein kunne dokumentere ein viss styringsvilje, meiner vi det vil vere eit riktig signal og gje uttrykk for ei ansvarleg handling om ein opprettheld målsetjingane og ein heimel for å drive strukturmotiverte eigedomskjøp i jordlova.»

3.1.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner som dei fleste høyringsinstansane at det ikkje lenger er ein nødvendig eller naturleg oppgåve for staten å drive strukturrasjonalisering gjennom kjøp og formidling av eigedomar, og at slike transaksjonar i alle høve vil ha marginal tyding. Bruksrasjonalisering bør etter departementet si meining skje gjennom forhandlingar mellom eigar og interessent utan staten sin direkte medverknad. Departementet foreslår derfor at ordninga med statlege kjøp til rasjonaliseringsformål blir oppheva.

Stat og kommune sin forkjøpsrett etter konsesjonslova blei oppheva ved lov 4. mai 2001. Etter dette kunne ikkje lenger staten bruke forkjøpsrett ved konsesjonspliktige kjøp med sikte på rasjonalisering av bruk. Opphevinga av forkjøpsretten var grunnlagt ut frå ei erkjenning av at det som er oppnådd i form av endra bruksstruktur ved bruk av forkjøpsretten var lite, samtidig som forkjøpsretten av mange blei sett på som eit unødig inngripande og til dels eit urimeleg verkemiddel.

I samband med opphevinga av forkjøpsretten blei det uttalt mellom anna, jf Ot.prp. nr. 33 (2000-2001) side 38:

«Departementet mener det er grunnlag for at det offentlige øker aktiviteten knyttet til eendomsoverdragelser med sikte på å stimulere til frivillige rasjonalisering. De fleste høyringsinstansene støtter dette synet. Etter departementets syn må det nå arbeides vidare med sikte på at frivillige ordningar skal bli det mest sentrale virkemiddel for å innvirke på bruksstrukturen. Departementet har i St.prp. nr. 1 (2000-2001), budsjettet for 2001 lagt til grunn at arbeidet

bl.a. omfattar informasjonsarbeid om følgene av urasjonell bruksstruktur.»

Departementet er samd i det Tynset og Alvdal kommunar seier i sine høyringsfråsegner om at ordninga kunne vere eit godt tilbod til eigarar som ønskjer å selje landbrukseigedom. Det har likevel synt seg i praksis at det er svært varierende kor mykje ressursar kommunane og Fylkesmennene har brukt på arbeidet med slik jordformidling. I mange kommunar og fylke har det i det heile ikkje vore slike kjøp dei seinare åra. Vidare har dei sakene som har vore, ofte vore arbeidskrevjande å få slutført. Som for forkjøpsretten, er det etter departementet si meining såleis relativt lite som er oppnådd sett på bakgrunn av den arbeidsinnsatsen det offentlege har lagt ned.

Fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane meiner at ein dokumenterer ein viss styringsvilje om ein opprettheld målsetjingane og ein heimel for å drive strukturmotiverte eigedomskjøp i jordlova. Forslaget inneber likevel inga endring i jordlova si målsetjing når det gjeld bruksstruktur. Det blir heller ikkje gjort endringar i delingsføresegna i jordlova. Det offentlege kan dessutan framleis påverke strukturutviklinga gjennom handsaminga av søknader om konsesjon, til dømes gjennom avslag eller konsesjonsvilkår dersom det er nødvendig for å få ei god driftsmessig løysing.

Departementet ser heller ikkje gode nok grunnar til å føre vidare ordninga kor staten ved fylkeslandbruksstyret kjøper areal for å bruke det i samferdselsjordskifte. Det er meir naturleg at den som står for samferdselstiltaket sjølv kjøper arealet, som til dømes Statens vegvesen.

Forslaget har også samanheng med at Jordfondet som tidlegare har finansiert slike kjøp er vedtatt avvika, jf det som er sagt under punkt 3.1.1. Det ville da by på finansielle problem dersom staten framleis skulle ha ei rolle i samband med kjøp av tilleggsjord.

Dei jordfondseigedomane staten eig i dag bør seljast etter gjeldande ordning. Det inneber at Fylkesmannen må leggje tilhøva til rette for vidare sal, og at kommunen bestemmer kven som skal få kjøpe og prisen på eigedomen.

3.2 Oreigning av tilleggsjord – jordlova § 13

3.2.1 Gjeldande rett og saksomfang

Dersom ein ikkje kan nå formålet med jordlova ved friviljug kjøp, kan departementet etter jordlova § 13 oreigne areal og rettar som tillegg til eksisterande jord- og skogbrukseigedom.

Formåla med jordlova går fram av § 1. Det kan oreignast med sikte på å få til ein tenleg, variert, bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar. Eit breitt samansatt ressursgrunnlag kan vere med på å skape eit tenleg bruk.

Det kan gjerast vedtak om oreigning av areal og rettar til eksisterande jord- og skogbrukseigedom. Ved oreigning kan det takast med jordvidder, bygningar og andre innretningar som naturleg høyrer saman med det som blir oreigna, sjølv om formålet med oreigninga ikkje gjer det nødvendig at oreigninga får eit slikt omfang.

Formålet med oreigninga må vere å leggje arealet til eksisterande jord- og skogbrukseigedom. Det kan ikkje oreignast med sikte på å reise nye bruk.

Oreigningsheimelen er berre meint å skulle brukast der søkjaren har et særleg behov for tilleggsareal og det må ikkje vere tvil om at søkjaren sitt behov veg tyngre enn omsynet til eigaren. Det er eit grunnvilkår for å kunne oreigne at inngrepet «utan tvil er til meir gagn enn skade», jf oreigningslova § 2 siste ledd.

Fylkeslandbruksstyret avgjer søknader om oreigning i medhald av jordlova § 13. Statens landbruksforvaltning er klageinstans.

Der det er fatta vedtak om oreigning, blir kjøpesummen fastsett ved skjønn etter reglane i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. Staten er part i skjønnet, og eigedomen blir overdratt vidare når skjønnet er endeleg. Jordfondet har vore nytta for å mellomfinansiere oreigninga, jf omtale under punkt 3.1.1.

Talet på oreigningssøknader har helde seg lågt. Statens landbruksforvaltning har opplyst at fylkeslandbruksstyra i perioden 1995-2004 har avgjort 25 saker om oreigning i medhald av § 13. I gjennomsnitt trefte fylkeslandbruksstyra årleg i denne perioden omlag 2-3 vedtak i saker om oreigning.

23 av sakene har fått si endelege avgjerd i anten Landbruksdepartementet eller Statens landbruksforvaltning. Departementet behandla 17 klager i perioden 1995-2000. I 14 av sakene blei utfallet av klagebehandlinga ikkje oreigning, medan utfallet i dei tre andre blei oreigning. Statens landbruksforvaltning behandla i perioden 2000-04 9 klagesaker, og har ikkje gjort vedtak om oreigning i nokon av desse sakene.

3.2.2 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Departementet sendte på høyring forslag om å oppheve heimelen til å oreigne tilleggsjord i jordlova § 13. Departementet har motteke 67 uttaler. 5 kommunar går i mot forslaget. Fylkeslandbruksstyra som avgjer søknadene om oreigning er alle einige i forslaget.

Oppdal kommune uttaler til dømes:

«Ekspropriasjon til rasjonaliseringsformål har vært benyttet i veldig liten utstrekning, og i det hele tatt ikke anvendt i Oppdal på flere 10-år. Virkemidlet oppleves gjerne som hardhendt overgrep ved at det medfører ufrivillig avståelse av eiendom. Slik sett kan ekspropriasjonsadgangen ha gitt arbeidet med å utvikle rasjonelle enheter dårlig rennomé sjøl om adgangen trolig har vært like lite kjent som den er anvendt.»

Noko av det same er Eidsvoll kommune inne på. Kommunen uttaler mellom anna:

«Slik som reglene er praktisert de seinere år, med få og kostbare saker, er det ikke vanskelig å si seg enig med departementet. At en på den annen side ofte kunne ønske seg en lettere ekspropriasjonsadgang for å lette driftsforholda i landbruket er en annen sak. Dette strider imidlertid mot prinsippet om den private eiendomsretten, og vi vil ikke utfordre dette i denne sak. I Eidsvoll er det for øvrig ikke innkommet søknader om ekspropriasjon etter denne paragraf de siste 15 åra.»

3.2.3 Departements vurderingar

Departementet meiner at oreigningsheimelen i jordlova § 13 også bør opphevast.

Det som er oppnådd i form av endra bruksstruktur ved bruk av oreigningsretten er svært lite, samtidig som oreigning av mange blir sett på som eit unødig inngripande og til dels eit urimeleg verkemiddel. Departementet viser her til punkt 3.2.2 og uttala frå Oppdal og Eidsvoll kommunar.

Sidan 1995 syner tal departementet har innhenta at heimelen berre har blitt brukt i 3 høve for å skaffe tilleggsjord. Departementet meiner det er grunn til å tru at heimelen vil bli lite brukt også framover, og at synet på oreigningsordninga heller ikkje vil endre seg.

Det er elles meint at oreigning berre skal skje i heilt spesielle høve. Det er vanskeleg å finne

døme på slike høve, og det er såleis ikkje noko sterkt behov for å oppretthalde ordninga. I tillegg kjem at sakene krev mykje arbeid og at tilleggs-jorda blir relativt kostbar.

Det vil dessutan ikkje lenger vere eit fond der det er mogleg å hente middel til førebels dekning av staten sine utgifter i samband med oreigninga, jf det som er sagt under punkt 3.1.1.

3.3 Oreigning av vanhevda jord – jordlova § 8

3.3.1 Gjeldande rett og saksomfang

All dyrka jord som kan gi grunnlag for lønsam drift skal etter jordlova § 8 haldast i hevd. Finn departementet at dyrka jord er vanhevda eller ligg unytta, kan eigaren eller leigaren givast pålegg om kva tiltak han skal setje i verk for at jorda etter tilhøva kan gi lønsam drift, jf § 8 tredje ledd. Eigaren kan påleggjast å leige bort jorda for ei tid på inntil 10 år.

For dyrka jord som ikkje kan gi grunnlag for lønsam drift, kan departementet gi pålegg om at jorda skal tilplantast med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.

Om pålegg ikkje er følgt opp når fristen er ute, kan departementet etter jordlova § 8 femte ledd gjere avtale om bortleige av jorda for ei tid på inntil 10 år, eller treffe vedtak om oreigning av delar eller heile eigeodomen for å overdra den til andre.

Departementet si myndigheit er overført til kommunen.

Heimelen til oreigning av vanhevda jord har blitt lite brukt. Tal departementet har henta inn viser at heimelen i perioden 1993-2004 blei brukt i to saker.

3.3.2 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Departementet sendte på høyring eit forslag om å oppheve heimelen til å oreigne vanhevda jord etter jordlova § 8 femte ledd. Det blei ikkje gjort framlegg om andre endringar i paragrafen. Departementet har motteke 67 uttaler til forslaget. 8 høyringsinstansar rår frå oppheving av heimelen.

Eidsvoll kommune er ein av kommunane som støttar framlegget om å oppheve oreigningsheimelen i § 8 femte ledd. Kommunen seier i si fråsegn mellom anna at:

«Endringsforslaget begrunnes hovedsakelig med at det er lite behov for bestemmelsen. Det har det siste tiåret vært få saker. Dette skyldes

at det som regel er funnet minnelige ordninger i forbindelse med vanhevd. Dessuten finnes det hjemmel for å inngå 10 årskontrakter på bortleie av vanhevda areal. Dette anses tilstrekkelig for å hindre at jord går ut av aktiv bruk.»

Oslo kommune støttar ikkje framlegget om å oppheve oreigningsheimelen i § 8 femte ledd og viser til at:

«Vanhevdsparagrafen har en normativ virkning, og bør ikke utgå med den økte fokus som nå er på å hindre gjengroing av kulturlandskapet. Snarere bør en ta opp til vurdering hvordan denne paragrafen kan bli håndtert slik at saker av denne type blir belyst på en riktig måte.»

Norges Bondelag støttar heller ikkje forslaget om å oppheve oreigningsheimelen i § 8 femte ledd. Dei meiner § 8 må behaldast slik han er i dag.

3.3.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det er eit unødvendig og uforholdsmessig inngrep å oreigne vanhevda jord og foreslår å oppheve føresegna i jordlova § 8 femte ledd.

Formålet med vanhevdsføresegna er å hindre at dyrka jord sluttar å vere kulturjord på grunn av mangelfullt stell.

Departementet er einig i det Oslo kommune seier i si høyringsfråsegn om at paragrafen truleg har ein viss normativ verknad. Ein understrekar likevel at det ikkje blir lagt fram forslag om å oppheve påbodet om å halde arealet i hevd. Det ein foreslår å oppheve er heimelen i § 8 femte ledd til å oreigne vanhevda jord. Andre pålegg knytt til vanhevd er det framleis heimel til.

I høyringsnotatet som blei utarbeidd i samband med vedtakinga av jordlova av 1995, la ein til grunn at lokale landbruksstyresmakter dreiv aktiv rådgjeving med sikte på å få til friviljuge ordningar som gjekk ut på å ta i bruk vanhevda jord igjen.

Departementet meiner det er grunn til å rekne med at det framleis vil bli gitt råd og rettleiing med sikte på å få til slike friviljuge ordningar, og at denne verksemda vil gi tilfredsstillande resultat i dei områda der det er viktig å halde den fulldyrka jorda i hevd.

Vanhevdsføresegna byggjer på at landbruksstyresmaktene skal prøve å få drifta i gang igjen ved bruk av skrittvis meir tyngjande verkemiddel om dette er nødvendig.

Som Eidsvoll kommune nemner i si høyringsfråsegn, har kommunen moglegheit til å inngå avtale om bortleige for inntil 10 år. Departementet er einig med kommunen i at jorda ved avtale om bortleige vil kunne haldast i tilfredsstillande hevd. Det vil også vere mogleg å ivareta omsynet til kulturlandskapet då kommunen kan setje vilkår i samband med avtala om bortleige. Kommunen kan også gi eigaren pålegg om til dømes slått eller beiting for å ivareta kulturlandskapet.

Departementet er såleis ikkje einig med Norges Bondelag i at vanhevdsparagrafen i jordlova må behaldast slik han er i dag. Ein vurderer pålegg om bortleige som tilfredsstillande for å ivareta omsynet til jordvern og kulturlandskap. Oreigning med sikte på å finne ein ny eigar er derfor eit unødvendig og uforholdsmessig inngrep.

3.4 Oreigning av husmanns-, bygsel- eller leilendingsbruk – jordlova § 14

3.4.1 Gjeldande rett og saksomfang

Heimelen til oreigning av husmannsplassar m.m. skriv seg frå jordlova av 1928. Under forarbeidet til jordlova frå 1955 fann Jordlovkomiteen frå 1947 at talet på husmanns- og bygselbruk var så lite at det ikkje var grunn til å halde på oreigningsheimelen. I samsvar med dette blei det i jordlova av 1955 lovfesta ein overgangsperiode på 10 år kor det framleis skulle vere moglegheit til å oreigne husmanns-, bygsel- eller leilendingsbruk til fordel for leigaren, barna og barnebarna hans. Oreigningsheimelen heldt opp å gjelde 31. desember 1965. I åra etter kom mange og sterke oppmodingar om å ta oreigningsheimelen inn att. Dette blei gjort i 1975 utan at departementet undersøkte nærare kor mange husmannsbruk som var att. Heimelen blei ført vidare i no gjeldande jordlov.

Utan omsyn til formålet i jordlova § 1 kan husmanns-, bygsel- eller leilendingsbruk etter jordlova § 14 oreignast til fordel for leigaren, barna eller barnebarna hans. Det same gjeld bruk som er leigd på andre vilkår, men som før har vore leigd til leigaren, foreldra eller besteforeldra hans på husmanns-, bygsel- eller leilendingsvilkår. Det er eit vilkår at bruket anten må vere bygd eller rydda av leigaren eller slekta hans, eller brukt av dei i minst 30 år før 1. januar 1975.

Vidare er det eit vilkår for oreigning at søkeren vil drive bruket som landbruk og bu der. Vilkåret er ikkje slik å forstå at det må stillast serlege krav til plassen sitt areal og driftsmoglegheiter. Vilkåret skal hindre at tidlegare husmannsplassar blir overtatt til feriebusstad, eller brukt på anna

måte som fører til at landbruksressursar blir lagt brakk.

Eit vilkår for å kunne oreigne er at inngrepet «utan tvil er til meir gagn enn skade», jf oreigningslova § 2 siste ledd.

Fylkeslandbruksstyret har myndigheit til å vedta oreigning. Statens landbruksforvaltning er klageinstans.

Når det er vedtatt oreigning, blir vederlaget fastsett ved skjønn på same måte som ved oreigning av tilleggsjord, jf omtale under punkt 3.2.1.

Dei seinare åra har det kome inn få søknader om oreigning etter jordlova § 14. Tal henta frå Statens landbruksforvaltning viser at det i 2004 blei avgjort 1 sak i fylkeslandbruksstyra. Tala viser at det har blitt avgjort 4 saker i perioden 1995-04. 2 søknader blei tekne til fylgje.

3.4.2 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Departementet sendte på høyring forslag om å oppheve heimelen til å oreigne husmanns-, bygsel- og leilendingsbruk i jordlova § 14. Forslaget innebar at det skulle vere mogleg å søke om oreigning i inntil eit år etter at endringa tok til å gjelde. 50 høyringsinstansar har uttala seg om forslaget. 41 instansar støttar forslaget om oppheve § 14. Dei gir inga nærare grunnar for standpunkta sine.

9 høyringsinstansar, mellom anna Justisdepartementet og Norsk Bonde- og Småbrukarlag går i mot forslaget om å oppheve heimelen til å oreigne husmanns-, bygsel- og leilendingsbruk.

Justisdepartementet har uttalt «At en ekspropriasjonshjemmel nyttes i bare et fåtall saker, er nok tilfelle også for mange av de øvrige formålene det kan eksproprieres til etter lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom § 2, jf. også § 30, uten at dette begrunner opphevelse av ekspropriasjonshjemmelen. Ved vurdering av ekspropriasjonshjemmelens berettigelse, bør det ikke legges avgjørende vekt på antallet saker der hjemmelen brukes, men på om den er lovgivningsmessig ønskelig med tanke på de (få) saker den faktisk kommer til bruk på. Etter den nye tomtfesteloven har festeren, og etter forholdene dennes etterkommere m.fl., en innløsningsrett knyttet til bolig- og hyttetomter. Sosiale hensyn taler for en slik innløsningsrett. Sammenliknbare sosiale hensyn og hensynet til konsekvens i beslektede lovgivningspolitiske spørsmål taler for å beholde den etablerte ekspropriasjonsadgangen etter § 14 for husmannsbruk mv. Denne ekspro-

priasjonshjemmelen har selvstendig betydning iallfall for husmanns- og leilendingsbruk så langt slike fortsatt finnes. Hvis de nevnte sosiale hensyn vektlegges som en avgjørende grunn til å beholde adgangen til å ekspropriere husmannsbruk mv., bør det vurderes å oppheve driveplikten (men ikke nødvendigvis boplikten) etter § 14 andre ledd andre punktum.

Hvis resten av kapittel VI om oreigning og skjønn i jordloven oppheves, kan det eventuelt vurderes å overflytte hjemmelen for ekspropriasjon av husmannsbruk mv. til lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eiendom § 2 (uten å endre Landbruksdepartementets overordnede forvaltningsansvar for sakene). Da bør de lovbestemte minstevilkårene for ekspropriasjon forenkles noe, i det minste ved at kravene i andre ledd andre punktum ikke videreføres.»

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har på si side uttalt at:

«Den 7. oktober 2005 ble denne lovhjemmel benyttet. Daværende Landbruks- og matminister uttalte til Aftenposten 8.10.2005. «Loven er til for akkurat slike tilfeller. Det er småårsfolk sin sikkerhetsventil mot store jordeiere som ikke lar dem få eie hjemmet sitt.»

3.4.3 Departementets vurderingar

Etter departementet si vurdering er det ikkje lenger særlege sosiale omsyn som tilseier at ein bør behalde heimelen til oreigning av husmanns-, bygsel- og leilendingsbruk. Departementet foreslår derfor å fjerne heimelen, men med ei overgangperiode på fem år.

Den såkalla «husmannsparagrafen» kviler på sosiale omsyn. Den skulle vere med på å rette opp det som mange oppfatta som ein sosial urett. Husmennene, deira ektemakar og etterkomarar har hatt ulik tilknytning til plassen. Sterkast tilknytning har den familien hatt som rydda plassen, budde der og dreiv han. Vidare må det reknast med at den som sjølv har hatt arbeidsplikt på garden og arbeidd der følte urett over ikkje å eige plassen større enn etterkomarane som kanskje sjølv ikkje har budd der eller arbeidd for eigaren.

Når det gjeld husmannsplassane, har 9 instansar innvendingar mot å oppheve ordninga, men det er berre Justisdepartementet og Norsk Bonde- og Småbrukarlag som har gitt nærare grunn for tilrådinga si.

Departementet er einig med Justisdepartementet i at heimelen til å oreigne husmannsbruk mv. bygger på nokre av dei omsyna som innløy-

singsretten knytt til bustad- og hyttetomter etter tomtfestelova er tufta på. Departementet er einig i at sosiale omsyn som liknar på kvarandre og omsynet til konsekvens i lovgivingspolitiske spørsmål som liknar på kvarandre i nokon mon kan tale for å behalde den etablerte oreigningsheimelen i jordlova.

Departementet har ikkje tal for kor mange husmanns-, bygsel- eller leilendingsbruk som kan vere aktuelle å oreigne i medhald av gjeldande føresegn. Talet kan likevel ikkje vere stort. Departementet er einig med Justisdepartementet i at eit lågt tal i seg sjølv ikkje kan vere avgjerande. Avgjerande må vere om det er gode grunnar elles for å halde på ordninga. Etter departementet si vurdering er ikkje dei sosiale omsyna som ligg til grunn for ordninga så sterke i dag at det er grunnlag for å oppretthalde oreigningsheimelen. Det er neppe mange – om nokon – i dag med rett til å søke om oreigning som sjølv har hatt til dømes arbeidsplikt på garden, eller som serleg sterkt kan ha opplevd den sosiale uretten som mange meiner har vore knytt til husmannsordninga. Det er derfor ikkje lenger eit samfunnsproblem som bør løysast gjennom lovreglar.

Departementet tilrår derfor at heimelen for å oreigne husmanns-, bygsel- og leilendingsbruk fjernast. Justisdepartementet sine innvendingar kan etter departementet si meining langt på veg avbøtast ved at det blir fastsett ein relativt lang overgangperiode. På den måten blir det sikra at det ikkje blir gjort urett mot nokon med rett til oreigning etter gjeldande reglar.

Departementet foreslår at fristen blir sett til fem år. Dette meiner departementet er ein romsleg frist for den som må ta stilling til om han vil søkje. Det er også ein rimeleg frist for grunneigaren i dei fleste høve.

Med ein så romsleg frist som fem år, meiner departementet fristen bør vere absolutt slik at det ikkje skal vere mogleg å oreigne dersom det er søkt etter at fristen er gått ut.

3.5 Avløyasing av bruksrettar – jordlova § 16

3.5.1 Gjeldande rett og saksomfang

Dersom det er nødvendig for at jord skal kunne nyttast så godt som mogleg, kan departementet etter jordlova § 16 krevje at bruksrettar, servituttar og andre rettigheitar til, i eller over fast eiendom skal avløyast, leggjast på eller endrast mot erstatning etter vanlege rettsreglar. Vidare kan departementet krevje regulering av grenser mellom bruk og mellom anna oreigne jord. Før-

segna utfyller jordskiftelova § 2 b og kap. 11. Jordskifteretten kan berre bytte jord, medan det etter jordlova kan gripast inn med oreigning.

Fylkeslandbruksstyret avgjer søknader om avløyning av bruksrettar og oreigning i medhald av jordlova § 16. Statens landbruksforvaltning er klageinstans.

Tal henta frå Statens landbruksforvaltning viser at fylkeslandbruksstyra og Statens landbruksforvaltning i perioden 1995-04 ikkje har behandla saker i medhald av § 16.

Det finst ei privatrettsleg lov som mellom anna regulerer avløyning av bruksrettar; lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom. Lova gjeld avgrensa rettार og ikkje allmenn bruksrett som til dømes forpaktning og tomtefeste.

Er det ikkje avtalt noko anna, kan kvar part etter § 5 krevje å få bruken flytt eller nærare fastlagt, eller rettstilhøvet endra på annan måte dersom ingen avgjerande grunnar taler mot det, og han bærer kostnadene sjølv. Den nye ordninga må vere minst like god for motparten som den tidlegare. Utan at partane er einige, kan endring ikkje gå så langt at retten blir av eit anna slag enn tidlegare.

Er det mykje om å gjere for ein part, og vinsten på hans side blir vesentleg større enn tapet på den andre sida, kan han etter § 6 få ei endring sjølv om den nye ordninga ikkje blir så god for motparten som den tidlegare. I slike høve skal den som krev endring svare mellomlag i jord, rettार eller pengar etter skjønn. Mellomlaget må ikkje setjast så lågt at endringa blir til skade for motparten.

3.5.2 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Departementet sendte på høyring forslag om å oppheve heimelen til mellom anna å avløyse bruksrettar, servituttar og andre rettार til, i eller over fast eigedom. Ein foreslo også å oppheve heimelen til å krevje regulering av grenser mellom bruk, og under dette heimelen til å oreigne jord. 57 instansar tilrår oppheving av regelen om avløyning av bruksrettar mv. 6 høyringsinstansar skriv at dei går i mot forslaget om å oppheve ordninga med friviljuge statlege kjøp, oreigning og avløyning av bruksrettar mv. Dei som går i mot gir inga nærare grunngjeving for dette.

3.5.3 Departementets vurderingar

Departementet meiner det ikkje er nokon naturleg oppgåve for staten å sørgje for avløyning, etable-

ring eller endring av bruksrettar, servituttar og andre rettार til, i eller over fast eigedom. Føresegna har ikkje vore nytta dei siste 10 åra, og det synast derfor ikkje behov for ytterlegare ordningar enn dei som følgjer av lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom. Departementet foreslår etter dette å oppheve jordlova § 16.

3.6 Vilkår i oreigningssaker – jordlova § 15. Skjønn og takstar – jordlova § 17

I lovforslaget blir alle oreigningsheimlane i jordlova foreslått oppheva. Det inneber at det ikkje lenger trengst ein heimel til å setje vilkår i oreigningssaker.

Lovforslaga knytt til §§ 8, 13, 14 og 16 inneber vidare at det ikkje lenger er behov for reglar om skjønn og takstar i jordlova.

Departementet foreslår derfor å oppheve jordlova §§ 15 og 17.

3.7 Tilleggsjord sin odelsrettslege status – odelslova § 16

3.7.1 Gjeldande rett

Jord som blir lagt til eigedom som tilleggsjord etter reglane i jordlova går etter odelslova § 16 fjerde ledd første punktum inn under odel eller odling på den eigedomen den blir lagt til. Dette gjeld etter fjerde ledd andre punktum også om jorda har gått over ved friviljug handel når fylkeslandbruksstyret har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord, og jorda – dersom det er odelsjord – er gjort odelsfri etter reglane om odelsfrigjering.

§ 16 fjerde ledd første punktum tar sikte på jord som er selt vidare etter friviljuge statlege kjøp, kjøp ved bruk av forkjøpsrett eller oreigning.

Dei aktuelle reglane om odelsfrigjering er omtala i punkt 3.8.1.

3.7.2 Departementets vurderingar

Forslaget om endringa inneber at ein tar bort visinga til omgrepet «etter reglane i jordlova» for å tilpasse § 16 fjerde ledd til situasjonen etter opphevinga av ordninga med friviljuge statlege kjøp. Etter endringa i jordlova vil det ikkje lenger vere reglar i jordlova å vise til. I staden foreslår ein at departementet må godkjenne kjøpet av tilleggsjord. Forslaget inneber såleis ikkje nokon realitet-sendring.

Dersom jordlova blir endra i samsvar med forslaget i punkt 3.1.3 og lovutkastet § 6, vil det tru-

leg framleis vere nokre jordfondseigedomar som ikkje er selt vidare i samsvar med jordlova. Endringa i § 16 fjerde ledd tar også sikte på at denne tilleggsjorda skal falle inn under odelen på den jorda den blir lagt til, sjå særmerknadene punkt 6.1.

Spørsmålet om å tilpasse § 16 fjerde ledd første punktum til situasjonen ein får etter ei oppheving av reglane i jordlova § 6 har ikkje vore på høyring.

3.8 Odelsfrigjering – odelslova § 31

3.8.1 Gjeldande rett

I den mon odelsrett vil kunne skippe ei eigedomstileigning som staten har gjort ved kjøp etter reglane i jordlova eller forkjøp etter konsesjonslova, kan Kongen i medhald av odelslova § 31 første ledd første punktum fri slik jord for eldre odelsrett. Odelsfrigjering kan likevel ikkje skje andsynes dei slektningane som kunne kjøpe eigedomen konsesjonsfritt etter konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1, med mindre det gjeld eigedom der arealet er under 30 dekar, eller vilkåra for oreigning etter jordlova § 13 ligg føre. Dette går fram av odelslova § 31 første ledd andre punktum.

Det same gjeld jord som er gått over til ny eigar ved friviljug handel når fylkeslandbruksstyret har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord.

Kravet i § 31 første ledd andre punktum om at «vilkåra for oreigning etter jordlova ligg føre» er meint å innebere ei skjerping når det gjeld moglegheita til å odelsfrigjere i høve til nære slektningar. I kravet ligg for det første at det må liggje føre oreigningsføremål etter jordlova § 1. For det andre må vedtaket om oreigning utan tvil vere til meir gagn enn skade, jf oreigningslova § 2 siste ledd. Det er i følgje Høgsterett tilstrekkeleg for odelsfrigjering at det er heimel for oreigning, jf Rt. 1985/743. Det kan ikkje stillast som vilkår at ein faktisk ville ha oreigna. Vidare har Høgsterett i same dom lagt til grunn at odelslova § 31 første ledd første punktum ikkje gir noko serleg sterkt vern av odelsretten.

3.8.2 Departementets vurderingar

Tilvisinga i odelslova § 31 til jordlova § 13 blir utan meining dersom § 13 i jordlova blir oppheva. For å sikre eit fortsatt særskilt vern mot odelsfrigjering for dei næraste odelsrettshavarane, må derfor odelslova § 31 endrast. Departementet meiner

ikkje å endre på krava som må vere oppfylt for at ein skal kunne odelsfrigjere. Forslaget går ut på å vise i føresegna kva som ligg i gjeldande omgrep «vilkåra for oreigning etter jordlova § 13 ligg føre». Det gjer ein ved å seie at eigedomstileigninga må ha gitt eller vil gi ei driftsmessig god løysing, og at det ikkje må vere tvil om at odelsfrigjeringa vil sikre eit slikt resultat. Forslaget inneber såleis ikkje noka realitetsendring.

Spørsmålet om å endre odelslova § 31 har ikkje vore på høyring.

3.9 Tilskot mv. – jordlova § 18

3.9.1 Gjeldande rett

Jordlova § 18 gir departementet heimel til å fastsetje reglar om tilskot i samsvar med jordbruksavtala og liknande tilskot. Om grunngevinga for å vedta jordlova § 18 heiter det i Ot.prp. nr. 72 (1993-94) om lov om jord (jordlova) m.m.:

«Ein viser til at det ikkje er nødvendig med ein heimel for forskriftene, men at det er ønskeleg å sjå den økonomiske verkemiddelbruken i samanheng med verkemidla som jordlova legg til grunn.»

Storleiken på tilskota blir fastsett i jordbruksavtala, medan departementet vedtar forskrifter med nærare reglar for dei einskilte tilskotsordningane. Forskriftene regulerer mellom anna avkorting av tilskotsbeløpa dersom tilskotsmottakar bryt nærare fastsette reglar, til dømes dersom vedkomande gir gale eller mangelfulle opplysningar. Nokre av forskriftene inneheld også føresegnar om atterhald av tilskot, utestenging av tilskotsmottakar frå ordninga og rente ved tilbakebetaling.

Reaksjonar som avkorting, atterhald og utestenging kan etter omstenda ha monaleg økonomisk verknad for den einskilte tilskotsmottakaren. På tross av dette treng formelt sett ikkje føresegnene om avkorting o.a. heimel i lov fordi tilskotsmottakarane ikkje har krav på tilskot dersom dei ikkje oppfyller vilkåra i tilskotsregelverket.

I einskilte av tilskotsordningane som er heimla i § 18, får forvaltninga hjelp av private omsetningsledd til å formidle utbetaling av riktig tilskot til produsentane. Forvaltninga fattar sjølve tilskotsvedtaket, medan omsetningsledda hjelper til med den faktiske betalingsformidlinga. Dette gjeld typisk dei såkalla pristilskotsordningane. Omsetningsledda si rolle som tilskotsformidlar er regulert i tilskotsforskriftene. Formidlinga skjer ved at omsetningsleddet når det kjøper frå produsenten produktet som gir rett til tilskot, betaler til-

skotet samtidig som det betaler for varen. Omsetningsleddet rapporterer omsett kvantum til forvaltninga. Rapportane dannar grunnlag for utbetaling av tilskot frå forvaltninga til omsetningsledda. Oppgåvene til omsetningsledda omfattar forutan sjølve tilskotsformidlinga også rapportering av data som er nødvendige for tilskotsfastsetjinga, dvs. rapportering av omsett kvantum og liknande.

Det er friviljug for omsetningsledda å ta del i formidlinga av pristilskota ved at dei ikkje kan påleggjast å gjere oppgåvene dersom dei ikkje ønskjer det. Derfor treng ikkje forskriftsføresegnene om omsetningsledda si rolle som tilskotsformidlar heimel i lov. Omsetningsledda vil likevel ofte ha stor eigeninteresse i å delta i tilskotsformidlinga fordi produsentane normalt vil vere mest tente med å omsetje sine produkt til omsetningsledd som formidlar pristilskot. Omsetningsledda som vel å delta i tilskotsformidlinga, må utføre dei i forskriftene pålagte oppgåver.

3.9.2 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Departementet sendte på høyring forslag om å endre jordlova § 18 slik at dei reaksjonane forvaltninga kan ta i bruk overfor tilskotsmottakar går fram av paragrafen. 38 høyringsinstansar har uttala seg. Alle desse sluttar seg til forslaget utan å gi nokon nærare grunngeving for standpunktet.

3.9.3 Departementets vurderingar

Reglane i tilskotsforskriftene om avkorting og atterhald av tilskot og utestenging frå ordninga ved brot på tilskotsregelverket er negative reaksjonar som dels kan vere av monaleg økonomisk verknad for den einskilde produsenten. Sjølv om lovheimel ikkje er nødvendig for å fastsetje slike reglar i forskrift, meiner departementet at det er naturleg at slike sentrale reaksjonar blir formalisert og gjort synleg i lovføresegna som heimlar tilskotsforskriftene. Dette vil kunne lette tilkomsten til regelverket til beste for alle partar.

Vidare er omsetningsledda si rolle i tilskotsformidlinga viktig. Dei gjer oppgåver som er nødvendige for at tilskota skal kome fram til rette mottakar. Ei lovendring bør kunne medverke til ei formalisering og synleggjering av oppgåvene til omsetningsledda.

Forslaget til endringar i jordlova § 18 er ikkje meint å innebere noka realitetsendring i høve til gjeldande praksis. Det er heller ikkje meininga at

departementet får utvida myndigheit til å fastsetje reglar om tilskotsforvaltninga.

3.10 Andre lover

3.10.1 Høyringsforslaget og høyringsinstansane sine innspel

Alle høyringsinstansane som har uttala seg om forslaget om å oppheve dei seks uaktuelle lovene støttar forslaget.

Norsk landbrukssamvirke og Hoff Norske Potetindustrier støttar forslaget om å oppheve lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m. (potetmjøllova) under føresetnad om at avrensordninga for potet framleis blir omfatta av landbruksunntaket i konkurranselova. Konkurransetilsynet støttar også forslaget om å oppheve potetmjøllova, men har i si høyringsfråsegn peikt på at det er betre å fastsetje reglar som kan ha verknad for aktørane i ei næring i lov og/eller forskrift enn avtale. Forslaget om å oppheve potetmjøllova med tilhøyrande forskrifter inneber at avtala om avrenspoteter mellom statens landbruksforvaltning og Hoff Norske Potetindustrier si tilknytning til lov fell bort.

Helse- og omsorgsdepartementet har i si høyringsfråsegn peikt på at lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet (matlova) i stor grad opnar for same reguleringar som lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselforbud mv., lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplett kjøtt og skinn av tamrein, og potetmjøllova, og at dette styrker vurderinga av at desse lovene kan opphevast.

3.10.2 Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselforbud mv.

Lova gir Kongen myndigheit til mellombels å forby innførsel frå utlandet av gjenstandar og varer, mellom anna levande dyr og planter, med mindre det blir lagt fram ei skriftleg erklæring frå myndigheitene om samtykke til innførsel, jf § 1 første ledd. Lova gir også Kongen myndigheit til å fastsetje nærare føresegner om utrekning og oppkrevjing av utjæmningsbeløp og om kontroll av ordninga for høve kor det blir skrivi ut prisutjæmningsbeløp til statskassa på importregulerte jordbruksvarer, jf § 1 tredje ledd.

Departementet meiner at det ikkje er aktuelt å nytte verkemidla som lova opnar for. I tråd med WTO-avtala, som blei sett i kraft 01.01.1995, og overgangen til det tollbaserte grensevernet, oppheva Landbruksdepartementet alle forskriftene

som var heimla i denne lova. Dei generelle importforboda som lova opnar for er i liten grad i samsvar med føresetnadene i WTO-avtala. I St. prp. nr. 65 (1993-94) om resultatet av Uruguay-runden og samtykke til å få ratifisert Avtale om skiping av Verdshandelsorganisasjonen (WTO) m.m., som blei vedtatt av Stortinget i november 1994, heiter det til dømes:

«Det er ... grunn til å peke på at utgangspunktet om et generelt forbud mot eksport og import står i sterk kontrast til den praktiske virkelighet, og at en justering av de aktuelle lover vil være en naturleg konsekvens av WTO-avtala.»

Departementet legg vidare til grunn at lov 06.06.1997 nr. 32 om innførsle- og utførslereregulering gir myndigheitene nødvendige fullmakter til å forby innførsel av varer, mellom anna levande dyr og planter, slik at heimelen i lov 22.06.1934 nr. 5 § 1 første ledd ikkje lenger er nødvendig. Dette gjeld også føresegnene som gjeld landbruksvarer spesielt, jf § 1 tredje og fjerde ledd, og som gir Kongen myndigheit til å fastsetje nærare føresegner om utrekning og oppkrevjing av utjanningsbeløp og om kontroll av ordninga mv. Dessutan heimlar lov 19. desember 2003 om matproduksjon og mattrygghet (matlova) § 12 bokstav c vilkår for eller forbod mot import og eksport innafør sitt virkeområde.

Departementet meiner på denne bakgrunn at lova bør opphevast.

3.10.3 *Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplett kjøtt og skinn av tamrein*

Lova gir Kongen myndigheit til å forby omsetjing av reinkjøtt og reinskinn som ikkje er stempla i samsvar med gjeldande reglar. Formålet med lova er å motverke reintjuveri ved å forby omsetning av ustempla reinkjøtt og reinskinn.

Forvaltinga nyttar ikkje lenger verkemidla som lova gir. Partane i reindrifftsavtala har sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere problematikken rundt reintjuveri, men departementet legg til grunn at det i alle tilfelle er uaktuelt å føre inn att forbodet mot omsetjing av ustempla reinkjøtt og reinskinn.

Departementet meiner på denne bakgrunn at lova bør opphevast.

3.10.4 *Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m.*

Lova forbyr tilverking av potetmjøl, glykosesirup, sago og dekstrin utan løyve av Kongen eller den han gir fullmakt. Den som får løyve til tilverking må rette seg etter forskrifter, påbod og kontroll fastsett i samsvar med denne lova. Kongen er i lova også gitt fullmakt til å gi forskrifter som regulerer tilverkarane sine innkjøp av poteter og om produksjon av dei aktuelle produkta. Lova har sin bakgrunn frå ei periode på 1930-talet kor mange aktørar starta opp med produksjon, noko som førte til fallande prisar. Formålet med lova er å opne for regulering av potetmjølproduksjon. Mellom anna inneber dette at det blir opna for fastsetjing av minsteprisar og kvalitetskontroll. I medhald av lova har departementet fastsett to forskrifter med nærare reglar om produksjon og omsetning av potetmjøl. Mellom anna blir det fastsett produksjonskvoter i medhald av desse forskriftene. I medhald av lova er det også fastsett ei forskrift om omsetjing av avrenspoteter, jf forskrift 5. januar 1990 nr. 3 vedrørende omsetning av avrenspoteter til bruk i produksjon av sprit, glukose og mel. Statens landbruksforvaltning og Hoff Norske Potetindustrier har i medhald av denne forskrifta inngått ei avtale om avsetjing for avrenspoteter frå bedrifter i marknadsordninga for poteter.

Marknadene for potetmjøl, glykosesirup, sago og dekstrin blir i dag prega av få og relativt store aktørar, og departementet har ikkje hatt pågang frå nye aktørar som ønskjer løyve for å starte produksjon. Forbodet mot produksjon utan løyve synest ikkje lenger å ha noka god samfunnsmessig grunn-giving fordi dei spesielle høva som gav grunn til lova ikkje lenger er til stades. Heller ikkje produksjonskvotene eller dei nærare reglane i forskriftene om produksjon og omsetjing synest lenger å ha noka god samfunnsmessig grunn-giving.

Trass dette, ønskjer departementet å vidareføre eksisterande avrensortning for poteter som eit verkemiddel i landbrukspolitikken, mellom anna gjeld dette avrensavtala mellom Statens landbruksforvaltning og Hoff Norske Potetindustrier. Avrensortninga er primært forankra i avrensavtala og nær knytt til tilskot over jordbruksavtala. Avrensavtala treng verken heimel i lov eller forskrift. Vidareføringa av avrensortninga er derfor i utgangspunktet ikkje noko argument for å vidareføre ei elles uaktuell lov. Departementet er einig med Konkurransetilsynet i at ordningar av denne type godt kan vere forankra i lov og/eller forskrift i staden for i avtale, men synest ikkje det er tilstrekkeleg grunn

for å oppretthalde ein rettsleg sett overflødig heimel i ei lov som etter departementets meining elles er heilt overflødig.

Departementet kan heller ikkje sjå at ei oppheving av lova vil føre til ei svekking av avrensordninga sitt vern etter landbruksunntaket i konkurranselova § 3, jf forskrift 23. april 2004 nr. 651 om unntak for samarbeid mv. innan landbruk og fiske. I forskrifta § 2 heiter det at forboda i konkurranselova §§ 10 og 11 ikkje blir brukt når det gjeld avtaler, samarbeid o.a. mellom eller av primærproducentar eller deira organisasjonar i samsvar med lov, forskrift eller avtale (i dette høve jordbruksavtala) som regulerer produksjon eller omsetning av landbruksprodukt. Forskrift 30. juni 2004 nr. 1104 om samarbeid om produksjon og omsetning av visse hagebruks- og gartneriprodukter mv. vil i om lag like stor grad som lova om potetmjøl verne mot forboda i konkurranselova. Departementet kan også foreslå å ta inn i jordbruksavtala føresegnar som tilsvargar føresegnene i lova og forskrifta om omsetjing av avrenspoteter slik at opphevinga av lova ikkje svekker avrensordninga i høve til konkurranselova.

Etter dette synest det ikkje lenger å vere noko behov for lova, og departementet meiner på denne bakgrunn at ho bør opphevast. Forslaget inneber òg at forskriftene i medhald av lova vert oppheva.

3.10.5 Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn

Lova fastset at Noregs Pelsdyrslag eller den Kongen fastset skal reinse, sortere, lotte og takser skinn av rev og mink som er alt i pelsdyrgard før dei kan omsetjast. Lova krev godkjenning for aktørar som ønskjer å omsetje skinn, og ho gir departementet myndigheit til å fastsetje nærare føresegnar for gjennomføring av lova, mellom anna fastsetjing av godtgjerjing til Noregs Pelsdyrslag for reinsing osv. Formålet til lova var i si tid å regulere pelsdyrskinnmarknaden for å bøte på ein skilde svakheit ved fri omsetning av pelsdyrskinn, som til dømes hadde si årsak i manglande kvalifikasjonar hos ein skilde pelsdyrsejlarar. Departementet har fastsett nærare føresegnar i to forskrifter i medhald av lova.

Departementet meiner at det ikkje lenger ligg føre noko behov for å regulere omsetjinga av pelsdyrskinn på ein slik måte som lova gjer. Lova har sin bakgrunn i ei tid kor manglande kvalifikasjonar hos ein skilde pelsdyrsejlarar medførte behov for særregulering av omsetjinga i eiga lov. Dette

behovet for særregulering er openbert ikkje lenger til stades. Meir alminnelege reguleringar i t.d. omsetningslova, skattelova og meirverdiavgiftslova dekkjer dette behovet i dag. Departementet meiner derfor at det ikkje lenger finst grunnlag for å nekte løyve til å omsette pelsdyrskinn.

Departementet meiner på denne bakgrunn at lova med tilhøyrande forskrifter bør opphevast.

3.10.6 Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer

Lova opnar for etablering av ei ordning med importavgift og eksportrestitusjon for å jamne ut ulikskap i produksjonskostnadene for vidareforredla jordbruksprodukt av norsk og utanlandsk opphav i den grad denne ulikskapen er ei følgje av forskjell i råvareprisen. Lova opnar også for å påleggje ei avgift på produkt som det er arbeida vidare med, og som blir omsett innanlands. Avgiftsmidla skal tilfalle eit fond som departementet administrerer, og kan berre nyttast til eksportrestitusjon, prisnedskrivning av jordbruksråvarer som blir nytta til industriell framstilling av landbruksvarer med frihandelsstatus, og til dekning av administrasjonskostnader ved ordninga.

I samband med at WTO-avtala blir sett i kraft 01.01.1995 og overgangen til det tollbaserte grensevernet, avvikla Landbruksdepartementet ordninga og fondet. Lova har tidlegare også heimla ein skilde reine tilskotsforskrifter. Desse tilskotsforskriftene er i dag heimla i jordlova § 18.

Gitt eksisterande internasjonale rammevilkår, meiner departementet at det ikkje er sannsynleg at ei slik ordning og eit slikt fond som lova heimlar, blir gjenoppretta.

Lova har heller ikkje lenger nokon funksjon som heimel for tilskotsforskrifter.

Departementet meiner på denne bakgrunn at lova bør opphevast.

3.10.7 Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond)

Lova opphevar tidlegare lov om Statens landbruksbank som ei følgje av at oppgåvene til Landbruksbanken blir overførte til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). I tillegg har lova føresegnar om førerrett til anna statsstilling og rett

til ventelønn for arbeidstakarar som var tilsett i Statens landbruksbank og hos Fylkesmennene før integrasjonen i SND. Etter lova gjaldt føreretten til anna statsstilling og retten til ventelønn i berre tre år etter integrasjonen i SND.

Det er nå gått meir enn tre år sidan integrasjonen av Landbruksbanken i SND. Lova har derfor ikkje lenger nokon verknad.

Departementet meiner på denne bakgrunn at lova bør opphevast.

4 Overgangsspørsmål

Departementet foreslår at lovendringane trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer, jf utkastet IV første ledd.

Lovendringane får verknad for søknader som ikkje er avgjort før endringa tar til å gjelde, jf utkastet IV andre ledd. Dersom heimelen til å oreigne vanhevda jord blir oppheva, meiner departementet at endringane også må få verknad for jord som er vanhevda før lova blir endra. Dette er lagt til grunn i lovtkastet IV andre ledd andre punktum.

Departementet foreslår vidare overgangsreglar som tar sikte på å løyse spørsmål knytt til korleis ein skal handtere vidaresal av dei såkalla jordfondseigedomane staten fortsatt eig når endringane trer i kraft. Departementet foreslår at sal av jordfondseigedomar skal skje etter dei reglane som gjeld fram til lovendringa, jf det som er sagt under punkt 3.1.1. Overgangsregelen går fram av lovtkastet IV tredje ledd.

Departementet foreslår i lovtkastet IV fjerde ledd ei særskilt ordning for søknader om oreigning av husmanns-, bygsel- eller leilendingsbruk. Slike søknader skal takast til behandling dersom dei er innkomne til kommunen innan fem år etter at endringane tar til å gjelde.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Forslaget om å oppheve reglane om friviljuge statlege kjøp, oreigning og avløyning av bruksrettar inneber ingen nye utgifter for staten. Når eigedomane staten eig i dag er selt, vil desse sakstypane falle bort. Det inneber mindre å gjere for kommunen, Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret. Saksomfanget er likevel ikkje serleg stort. Reduksjonen i arbeid er derfor ikkje av stort omfang.

6 Særmerknader

6.1 Til odelslova § 16 fjerde ledd

Føresegna tilsvarear tidlegare føresegn. Endringane i lovtkastet er gjort for å tilpasse føresegna til endringa i jordlova.

Jord som blir lagt til ein eigedom som tilleggsjord går inn under odel eller odling på den eigedomen jorda blir tillagt når departementet har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord.

Omgrepet «jord» skal ha same mening som i gjeldande føresegn.

Kjøpet kan vere godkjent på ulikt vis. Det vil vere godkjent når jord staten har kjøpt etter reglane i jordlova eller ved forkjøp – såkalla jordfondseigedomar – blir selt vidare i samsvar med gjeldande reglar i jordlova. Kjøpet kan vidare vere godkjent ved at det er gitt konsesjon, eller i samband med at det er sett vilkår for deling eller fritak frå buplikt.

I føresegna som gjeld fram til lovendringa skal kjøpet vere godkjent av fylkeslandbruksstyret. Det er kommunen som etter overføring av mynde frå departementet nå avgjer dei sakene som er omtala over. Fylkeslandbruksstyret er klageinstans. Departementet meiner etter dette at det bør stå departementet i staden for fylkeslandbruksstyret i lova.

6.2 Til odelslova § 31

Departementet foreslår endringar i § 31 for å tilpasse føresegna til endringa i jordlova. Andre ledd er formelt sett foreslått oppheva slik at vilkåra for å frigjere jord for odel nå er samla i eit ledd. Det er med denne endringa ikkje meint å gjere endringar i gjeldande § 31 si rekkevidde.

I den mon odelsrett vil kunne skiple ei eigedomstilleigning staten har gjort ved kjøp etter reglane i jordlova eller forkjøp etter konsesjonslova, kan Kongen fri slik jord for eldre odelsrett. Staten har ikkje lenger heimel til å bruke forkjøpsrett og staten vil etter forslaga til endringar i jordlova ikkje lenger kjøpe tilleggsjord. Staten eig likevel fortsett nokre eigedomar som er kjøpt etter reglane i jordlova eller forkjøp. Etter gjeldande reglar kan staten ta skritt for å odelsfrigjere slik jord før den blir selt vidare. Etter forslaget til ny § 31 første punktum vil slik jord framleis kunne gjerast fri for odel, men ikkje før jorda er selt vidare som tilleggsjord. Den som har kjøpt tilleggsjord kan da søkje om odelsfrigjering. Vedtaket om å selje jorda som tilleggsjord vil stette det

kravet som ligg i uttrykket «godkjent av di kjøparen bør få tilleggsjord».

Departementet sitt forslag til ny § 31 første punktum fører vidare heimelen i gjeldande § 31 andre ledd til å odelsfrigjere jord som er gått over til ny eigar ved friviljug handel. Den nye føresegna knyt ikkje høvet til å odelsfrigjere til omgrepet «friviljug handel». Dette inneber inga realitetsendring. Meininga er at den nye føresegna skal dekke alle dei formene for kjøp som blei dekte av omgrepet «friviljug handel». Det skal såleis vere høve til å odelsfrigjere ved ordinære kjøp, kjøp i samband med tvangssal eller til dømes som følgje av eit konsesjons- eller delingsvilkår. Det må derimot nå som før krevjast at kjøpet er godkjent av di kjøparen bør få tilleggsjord, jf forslag til ny § 31 første punktum. Omgrepet «godkjent av di han bør få tilleggsjord» i gjeldande § 31 andre ledd er ført vidare i forslag til ny § 31 første punktum og skal ha same innhald. Omgrepet skal famne dei same situasjonane som nemnt i punkt 6.1.

I gjeldande § 31 andre ledd er det sagt at fylkeslandbruksstyret skal godkjenne kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord. Fylkeslandbruksstyret er bytta ut med departementet av dei same grunnane som er nemnt over i punkt 6.1.

Nære slektningar har etter gjeldande § 31 første ledd andre punktum, med unntak for eigedomar under 30 dekar, eit serskilt vern mot odelsfrigjering. Når eigedomen er mindre enn 30 dekar, kan departementet berre odelsfrigjere dersom vilkåra for oreigning etter jordlova ligg føre.

Departementet sitt framlegg til ny § 31 andre punktum inneber ei vidareføring av dei nære slektingane sitt særskilte vern mot odelsfrigjering. Det særskilte vernet går fram av § 31 første ledd andre punktum. Meininga er at det skal stillast like strenge krav til odelsfrigjering i høve nære slektingar etter forslaget til ny § 31 som etter gjeldande § 31. I kravet etter gjeldande § 31 første ledd andre punktum ligg for det første at det må liggje føre oreigningsføremål etter jordlova § 1. For det andre må vedtaket om oreigning utan tvil vere til meir gagn enn skade, jf oreigningslova § 2 siste ledd. Då heimelen til å oreigne i jordlova blir oppheva, må gjeldande vilkår for oreigning etter jordlova gå fram av ny § 31.

Krava om at oreigning utan tvil skal vere til meir gagn enn skade og at det må ligge føre oreigningsføremål etter jordlova § 1, går nå fram av forslaget til ny § 31 andre punktum. Er eigedomen på 30 dekar eller meir, kan odelsfrigjering etter forslaget til ny § 31 andre punktum berre skje andsynes nære slektingar «når det ikkje er tvil om at omsynet til odelsrettshavarane må vike av di eigedomstilleigninga inneber ei god driftsmessig løysing». Omgrepet «god driftsmessig løysing» skal ha det same innhaldet som omgrepet har i jordlova § 1 andre ledd.

6.3 Til jordlova § 18

Departementet foreslår å endre jordlova § 18 slik som foreslått i høyringsbrevet.

Dette inneber at atterhald, avkorting av tilskot, utestenging og rente ved krav om tilbakebetaling blir nemnde i lovteksten som døme på kva for føresegner forskriftene kan innehelde. Opplysninga i lova av kva for reaksjonar som står til disposisjon for forvaltninga er ikkje nødvendigvis uttømmmande. Når det gjeld utestenging legg departementet til grunn at ho må vere tidsavgrensa. Når det gjeld rolla til omsetningsledda foreslår departementet å ta inn uttrykket «og formidling» slik at ordlyden blir: «... kan departementet fastsetja føresegner om fordeling og vilkår for utbetaling og formidling av tilskot etter jordbruksavtala ...». Sjølv om formidlarrolla nok kan seiast å vere omfatta av omgrepet utbetaling av tilskot, bør ei slik endring kunne medverke til at det kjem klarare fram at forskriftene også kan regulere høvet til aktørar som ikkje mottar, men formidlar tilskot.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i jordlova mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i jordlova mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringar i jordlova mv.

I

I lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 6 skal lyde:

På vegne av staten skal Fylkesmannen, fylkeslandbruksstyret og kommunen arbeide med dei føremåla som er nemnde i § 1. *Dei skal mellom anna* arbeide ut planar for korleis jorda skal *nyttast, hjelpe* til med førebuing av grunnutnytingsplanar som vedkjem landbruket etter plan- og bygningslova og gjera det arbeidet som dei vert pålagde ved lov eller ved vedtak av departementet.

§ 8 femte ledd skal lyde:

Om pålegg ikkje er etterkome når fristen er ute, kan departementet gjera avtale om bortleige av *heile eller delar* av jorda for ei tid av inntil 10 år. Kap. VI blir oppheva.

§ 18 skal lyde:

Etter retningsliner fastsett av Stortinget, kan departementet fastsetja føresegner om fordeling og vilkår for utbetaling *og formidling* av tilskot etter jordbruksavtalen eller liknande tilskot, *herunder atterhald og avkorting av tilskot, utestenging frå ei ordning, og rente ved krav om tilbakebetaling.*

II

I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten blir det gjort følgjande endringar:

§ 16 fjerde ledd skal lyde:

Jord som blir lagt til ein eigedom som *tilleggsjord går* inn under odel eller odling på den eigedomen jorda blir tillagt *når departementet* har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord, og jorda – dersom det er odelsjord – er gjort odelsfri i samsvar med reglane om odelsfrigjering.

§ 31 skal lyde:

I den mon odelsrett vil kunne skippe ei eigedomstileigning som *departementet har godkjent av di kjøparen bør få tilleggsjord kan departementet* fri slik jord for eldre odelsrett. Odelsfrigjering kan likevel ikkje skje andsynes dei som etter konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1 kunne kjøpe eigedomen *konsesjonsfritt*, med mindre det gjeld eigedom der arealet er under 30 dekar, eller *det ikkje er tvil om at omsynet til odelsrettshavarane må vike av di eigedomstileigninga inneber ei god driftsmessig løysing.*

III

Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselsforbud m.v. blir oppheva.

IV

Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplett kjøtt og skinn av tamrein blir oppheva.

V

Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m. blir oppheva.

VI

Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn blir oppheva.

VII

Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer blir oppheva.

VIII

Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktutviklingsfond) blir oppheva.

IX

Ikrafttreding og overgangsføresegner

Endringane i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) §§ 6, 8 femte ledd, 18 og opphevinga av kap. VI, samt endringane i lov 28. juni 1974 nr. 58

om odelsretten og åsetesretten §§ 16 fjerde ledd og 31 trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Det same gjeld opphevinga av lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselsforbud m.v., lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustempelt kjøtt og skinn av tamrein, lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m., lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn, lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer og lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktutviklingsfond) blir oppheva.

Endringane får verknad for søknader som ikkje er avgjort før lova her tar til å gjelde. Det same gjeld om jorda er vanhevida før lova tar til å gjelde.

Jord som staten har kjøpt i medhald av jordlova, forkjøp, eller har oreigna for å seljast vidare som tilleggsjord, skal seljast vidare etter føresegnene slik dei var før lova tar til å gjelde.

Søknader om oreigning i medhald av jordlova § 14 som er innkomne til kommunen innan fem år frå endringa etter første ledd trer i kraft, skal handsamast og avgjerast etter føresegnene i jordlova slik dei var før lova tar til å gjelde.



